



Kvinnherad Taxi AS
Pb. 198
5460 HUSNES

Dato: 28.09.2015
Vår ref.: 2015/552-54
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Klage på avslag om lemping av driveplikta - søknad om overføring av løyve til Kvinnherad Taxi AS

Ein viser til klage dagsett 04.08.2015 (feilskrift?), motteke hjå løyvestyresmakta 10.09.2015. Ordlyden i brevet står fram som ein søknad om å få organisera drosjeløyva i eit AS, dvs. overføring av alle løyva til Kvinnherad Taxi AS (KT).

Klage på vedtak

Løyvestyresmakta kan ikkje sjå at KT påklagar avslaget om lemping av driveplikta av 14.08.2015 utover overskrifta i brevet. Det vert ikkje framført argument eller nye opplysingar. Fylkesdirektør samferdsel fastheld vedtaket. **Ein bed snarast opplyst om KT ynskjer at saka vert lagt fram for klagenemnda.**

Søknad om overføring av løyva fra løyvehavarar til Kvinnerad Taxi AS.

KT har 4 tilslutta løyvehavarar. Sentralen dekker ikkje områda Fjelberg, Varaldsøy og Åkra. Tilsaman er det 7 ordinære drosjeløyve og 2 reserveløyve tilknytt Kvinnherad Taxi. I fylge løyveregisteret er det registrert rullestolbilar på 2 av løyva, men berre den eine bilen er 10-17 sete som fell inn under regelverket om køyre- og kviletider. Løyva fordeler seg slik:

Arne Bjørnevikt - 2 ordinære drosjeløyve (inntil 9)

Tomas Berius - 2 ordinære drosjeløyve (inntil 9 – 1 bil skal kunne transportera 1 rullestol)

Irene Engelsen - 2 ordinære drosjeløyve + 2 reservedrosjeløyve (inntil 9 + 1 reserve 10-17 og rullestol)

Ørjan S. Bjørnevikt har 1 ordinært drosjeløyve (inntil 9)

Utover dette er det 3 ordinære drosjeløyve og 2 reserveløyve som er ledige og desse har vore ledige sidan 2008/2013. Ledige løyve vart kunngjort i november 2012, men det melde seg ingen søkjrarar. Siste kunngjering av ledige løyve i Kvinnherad var januar 2013. Det var då 3 søkjrarar, Arne Bjørnevikt, Irene Engelsen og Ørjan Bjørnevikt. Alle fekk tildelt kvar sitt løyve.

KT viser til at sentralen har lite køyring for det offentlege, at køyreplikta derfor er urimeleg og at drosjeverksemda gir for lite inntening for løyvehavarane. I kommunen er det busest 13.324 personar og kommunen har to tettstadar. Legg ein til grunn at det totalt er 10 ordinære drosjeløyve i heile kommunen (inkl. bustadløyva) er det ei drosjedekning på omlag 1 drosje per 1332 personar. Samanliknar ein drosjedekninga i Kvinnherad med t.d. Odda er det der 1 drosje per 695 personar. I Sveio er drosjedekninga 1 drosje per 1.101 personar. Sjølv om kommunane ikkje er lik med omsyn til geografi, busestnad og næringsliv, syner samanlikninga likevel at dagens drosjedekning er relativt svak i Kvinnherad og løyvestyresmakta kan ikkje sjå at det er overkapasitet på drosje i kommunen i dag.

Offentlege transportoppdrag er anbodsutsette og sentralar må i dag konkurrera med andre tilbydarar av transporttenester. Anbodsformen krev kvalifikasjonar utover dei reint transportmessige, men ein ser at nokre sentralar i distrikta klarar seg godt i konkurransen, medan andre ikkje når fram.

KT hevdar det er få løyvehavarar og mange leigesjåførar og at det derfor vert kamp om dei økonomisk mest innbringande turane. I fylgje AA-registerert har løyvehavarane i KT mange tilsette sjåførar og mange av desse er tilsett hjå fleire av løyvehavarane. Korleis løyvehavarane disponerer sjåførane er ikkje kjent, men ein legg til grunn at sentralen står for tutildeling og kan syta for rettferdig fordeling av turane.

Sentralen hevdar at det vil gje store innsparingar på løns- og driftskostnader dersom sjåførane vert tilsett i sentralen og går over til timebasert løn. Overgang frå provisjonsløn til timebasert løn er så vidt me kjenner til, ein type lønnsavtale kvar einskild løyvehavar kan inngå med sine sjåførar.

Etter gjeldande regelverk er løyveordninga for drosje basert på prinsippet om personlege og sjølvstendige drosjeeigarar. I brev av 11.01.2008 uttalar departementet at :

«Bakgrunnen for praksisen hvor løyver tildeles person, og ikke selskaper, er den nære sammenhengen mellom løyvehavers person og tildeling av/ansvar for drift av løyve.»

Det går likevel fram av yrkestransportforskrifta § 44 at

«Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter § 43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.»

I denne saka søker KT om at allereie aktive løyve vert overført frå personlege løyvehavarar til KT. Problemstillinga har departementet handsama i brev av 27.11.1998 til Troms fylkeskommune:

«Selv om det etter lov/forskrift ikke kan utledes noe direkte forbud mot å overføre personlig drosjeløyve til selskap/juridisk person, anser departementet (...)at løyver som først er tildelt person i samsvar med hovedprinsippet, ikke senere kan overføres til selskap eller juridisk person, selv om det er samme interessent som står bak selskapsdannelsen. Adgangen til å kunne gi løyve til selskap må følgelig være begrenset til tilfellene som omhandles i nr. 12, dvs. som ledd i en tildelingsprosedyre etter forutgående kunngjøring av ledig løyve.»

Det er Hordaland fylkeskommune sitt syn og praksis at berre ledige drosjeløyve kan tildelast selskap etter at dei er kunngjort i pressa og der det ikkje melder seg personlege søkerar. **På denne bakgrunn finn fylkesdirektør samferdsel at ein ikkje kan gje samtykke til overføring av løyve til Kvinnherad Taxi AS.**

Avslaget kan klagast inn for klagenemnda innan ein frist på 3 veker, sjå vedlagte orientering om klage.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.